

Søkjer fritak for eigedomsskatt

01.02.2012



Får båtlaget skattefritak? 12 lag har bede om det i Kvinnherad.

Dei friviljuge båtlaga i kommunen har hatt møte og søker om fritak for eigedomsskatt. Uskedalen Båtlag er eitt av dei og det var brei semje om denne saka.

Båtlaga er alle å rekna som friviljuge lag og organisasjonar og då skatten skulle innførast vart det frå alle parti sagt at slike skulle fritakast frå denne,

Difor kjennest det svært urettferdig og merkeleg at kommunen vel å sortera i lag og gje nokon fritak medan andre lyt betala.

I ei sams uttale blir det vist til Frivilligheitsregisteret der dei aller fleste båtlaga er registrert. Båtlaga trudde at desse automatisk skulle bli fritekne for eigedomsskatt.

Det blir vist til at båtlaga er ein svært viktig faktor for mange og ikkje minst for næringslivet både i sentrale strøk og utanfor. Utan at det var tillete fasilitetar for gjestebåtar og turistar var det ikkje mogeleg med den turistflommen ein ser i dag og som gjer gode pengar for den lokale kjøpmann.

Nye innflyttarar søker snart kontakt for å få båtplass. For mange er dette vel så viktig som mange andre kulturtilbod, understrekar båtlaga i uttalen som er signert av mellom andre leiar Trond L. Myklebust i vårt lokale båtlag.

Båtlaga held fram at det er på tide kommunen ser verdien av denne friviljuge verksemda og ikkje bandlegg laga med stadig fleire skattar og avgifter. Laga representerar nærmare 1100 båtplassar og 12 lag har signert brevet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen